



Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

KOMM. OG REG. DEP	
20 JAN 2005	
04 12781-128	
Ark.	013
Avd.	RA ISSA 1 MAG

Høring - NOU 2005: 19 - Livskraftige regionar og distrikt

Fylkesmannen viser til brev av 14.10.04 der det innan 14.01.05 er bede om merknader til deler av Distriktskommisjonen si innstilling, NOU 2004: 19 "Livskraftige distrikter og regioner".

Høringa er i denne omgang avgrensa til andre tema enn fylkes- og kommunestruktur, oppgåvefordeling og maktfordeling/regionalisering. Her er fristen 15.10.05. Vi oppfattar dette slik at det først og fremst er kommisjonen si vurdering av innretning og verknad av dagens distriktpolitiske verkemiddel, og eventuelle forslag til nye, ein i denne omgang skal konsentrere seg om.

Distriktskommisjonen sitt opplegg og disposisjon gjer det likevel vanskeleg å lage eit skilje her. Kommisjonen uttaler dessutan sjølv at innstillinga og konklusjonane bør vurderast som ein heilsskap og "...ikke ønsker å presentere en liste med anbefalinger, som beslutningstakerne fritt kan plukke enkelttiltak fra. Anbefalingene må sees i sammenheng. Det er retningen i de foreslåtte omleggingene som er viktig" (sitat frå innstillinga). Ut frå dette vil fylkesmannen legge mest vekt på kommisjonen sitt analysegrunnlag og skildringa av dagens situasjon, og dermed i liten grad fokusere på enkeltelement.

Utgangspunktet for oppnemning av Distriktskommisjonen var først og fremst å få til semje om at dagens distriktpolitikk og distriktpolitiske verkemiddel ikkje verkar, særleg når det gjeld å hindre den urovekkjande fråflyttinga frå distrikta. Kommisjonen sine tilrådingar og røyndomsskildring går likevel i stikk motsett retning, og det er i innsillinga vanskeleg å finne svar i forhold til dei opprinnelege problemstillingane. Kommisjonen sine medlemmer har dessutan i liten grad klart å heve seg over eigne partipolitiske føringar.

Mellom anna i kap. 2, om utgangspunktet for kommisjonen sitt arbeid, blir det lagt eit analytisk grunnlag som etter kvart blir svært ubalansert. "Staten", "sentrale myndigheter" og "regelstyrt byråkrati" er omgrep som blir brukt for for å konstruere eit finedebilete, som det trengst motmakt til. Dei fleste konkrete forslaga er begrunna ut frå behovet for ei motmakt til staten, og blir naturleg nok ein konsekvens av ei denne analysa. Balansen blir ikkje særleg betre av at reine KS-utgreiingar blir beteikna som "offentlige utredninger", eller at det viktigaste vedlegget i NOU'en, vedlegg 1, er innspel frå fylkeskommunane, oppsummert som "betydelig grad av enighet i Kommune-Norge om hva som skal til for å skape mer helhetlig og målrettet distrikts- og regionalpolitikk". Dette vedlegget er langt på veg einaste grunnlagsdokument for kap 5 ("Hvordan skape en helhetlig distrikts- og regionalpolitikk").

Å ha staten med på laget i eit distriktspolitisk samspel blir eit langt meir utydeleg, og kanskje til og med uønska, mål enn det burde vere i eit land med berre 4,5 millionar innbyggjarar. Kommisjonen si oppfatning om at staten er den største hindringa for utvikling i distrikta, hindrar likevel ikkje kommisjonen i å legge eit betydeleg ansvar på nettopp staten når det gjeld dei meir konkrete forslaga til tiltak og verkemiddel.

Påstanden om ein eksisterande konflikt mellom staten og regionane/fylkeskommunane er ikkje særleg konstruktiv i arbeidet for å finne betre løysingar på distrikta sine utfordringar. Den reelle motsetnaden ligg, reint politisk og demokratisk, i forholdet mellom Stortinget sine beslutningar (nasjonal politikk) og lokale og regionale utviklingsbehov. Kommisjonen kritiserer statleg byråkrati, når det i realiteten er snakk om usemje med Stortinget sine vedtak, til dømes når det gjeld vern og annan arealpolitikk.

Stortinget kan sjølvstilt inviterast til ein diskusjon om delegering av makt. Ei slik delegering vil føre til større skilnader og ulik praksis frå fylke til fylke. Dette er sjølvstilt mogleg, men når Stortinget likevel vedtek lover og reglar, som til dømes plan- og bygningslova, vil dette regelverket framleis måtte gjelde for heile landet, som ein konsekvens av nasjonalstaten og rettsstaten Noreg. Det bør i tilfelle vere opp til Stortinget å vurdere om deler av landet skal falle utanfor lovverket.

Kommisjonen slår dessutan fast at tidlegare utgreiingar og forslag om til dømes oppgåve- og maktfordeling ikkje er følgt opp. Kommisjonen synest her å sjå vekk frå at Stortinget i to omgangar har drøfta nettopp desse spørsmåla i samband med mellom anna oppfølging av Oppgåvefordelingsutvalet si innstilling.

Kommisjonen etterlyser heilskapleg perspektiv og samordna grep på regionalt nivå, og dei fleste medlemmene byggjer sine forslag på at det er den framtidige fylkeskommunen ("folkevalgt organ på regionalt nivå") som skal ta dette grepet. Staten, ikkje minst regionalt, blir framstilt som sektorisert og "firkantet byråkratisk". Her underkommuniserer kommisjonen fylkesmannen si rolle i vesentleg grad. Fylkesmannen rapporterer i dag til 12 departement og utøver eit omfattande samordningsarbeid på vegne av ulike sentrale statlege etatar og system, først og fremst for å gjere samhandlinga enklare i forhold til kommunane. Vidare medverkar dette arbeidet til at den statlege politikken heng betre saman, og at fylkeskommunen som regionalpolitisk aktør får ein meir samordna stat å samarbeide med. Fylkesmannen har vanskar med å sjå korleis eit folkevalgt regionalt organ skal kunne sikre at staten sine nasjonalpolitiske vedtak blir gjennomførte regionalt eller lokalt, særleg dersom det fiendebiletet, som kommisjonen konstruerer, har noko rot i røyndomen.


Fylkeskommunen har i eigenskap av si rolle som regional utviklingsaktør, eit stort spelerom i den overordna planprosessen. Dette gjeld på fleire fagområde. I den regionale langsiktige planlegginga sit fylkeskommunen i førarsetet, og har kanskje det viktigaste grepet av alle, Fylkeskommunane si rolle er forankra i plan- og bygningslova, fylkeskommunen kan vidare søke støtte i planarbeidet både frå kommunar og frå regional stat, og har muligheit til å spele på lag med regionalt næringsliv. Å gje fylkeskommunen ein ytterlegare overkommunerolle, slik kommisjonen foreslår, vil gjere forholdet mellom staten og lågare nivå meir utydeleg, og staten blir vanskelegare å forholde seg til både for kommunar og enkeltbrukarar.

Forslaga om at fylkesmannen sine kjernefunksjonar skal "reindyrkast" til tilsyn og kontroll, samsvarar langt på veg med dagens fylkesmannsoppdrag, også på miljøområdet. Dessutan er det i Rogaland eit formalisert samarbeid mellom fylkesmannen og fylkeskommunen under

tittelen "Den regionale dialog". Dette hindrar dobbelarbeid, og fungerer godt, noko mellom anna fylkestinget si evaluering viser.

Distriktskommisjonen har ein grei gjennomgang av dei ulike sektorane og næringsområda som er viktige i distriktpolitikken. Ut frå det som er uttalt ovanfor meiner fylkesmannen likevel at kommisjonen si problemanalyse og analyse av maktforholda mellom dei ulike forvaltningsnivåa i landet, ikkje er tilstrekkelege til å trekkje slike konklusjonar som kommisjonen gjer i innstillinga si. Særleg gjeld dette fordeling av oppgåver og beslutningsmakt mellom stat og folkevalgt regionalt nivå.

Med helsing



Tora Aasland



Harald Thune
ass. fylkesmann